

REFORMASJON 2017

# SKAPARVERKET

er ikkje til sals



**Klimaendringane truar Guds skaparverk  
og rammar dei fattige i verda hardast.**

Ifølgje FNs klimapanel vil klimaendringane føre til:

- dårlegare tilgang til mat og vatn
- helseproblem
- økonomisk ulikskap
- konfliktar og flyktningar
- skadar på natur, infrastruktur og bygningar
- tap av naturmangfold

Klimaendringar leier til stadig fleire og større naturkatastrofar, valda av meir ekstremvær gjennom vind og nedbør. I august og september 2017 er ca. **40 millionar menneske råka av flaum** i India, Bangladesh og Nepal. Om lag **1200 menneske er døde og tusenvis er på flukt** frå øydelagde heimar og landsbyar.

**Vi er kalla til å vere gode forvaltarar og etterfølgjarar av Jesus.**

**Snu arket og sjå kva vi kan gjere!**




## Kva kan vi gjere?

Reformasjonen minner oss om at Guds nåde set oss fri. Vi blir ikkje frelseste ved gode gjerningar, men av Guds nåde. Vi er frie – frie til å bruke vår tid, våre evner og gåver til det gode. Vil du bli med i kampen for rettferd og vern om Guds fantastiske skaparverk?

**Bli grøn kyrkjelyd!** Ved å ta vare på skaparverket viser vi nestekjærleik mot dei som blir ramma av klimaendringane no og i generasjonane etter oss. Å vere grøn kyrkjelyd er ein konkret måte å ta på alvor Guds kall om ansvar for skaparverket og vår neste. Les meir og registrer kyrkjelyden dykkar på [www.gronnkirke.no](http://www.gronnkirke.no).

Å vere grøn kyrkjelyd er ein prosess: Kva for målsettingar kan de strekke dykk etter?

**Lær meir!** Kvifor bryr Den norske kyrkja seg om klima og miljø? Les meir om den teologiske grunngjevinga for arbeidet og finn ressursar til lokalt arbeid på [www.gronnkirke.no](http://www.gronnkirke.no)



### Støtt Kirkens Nødhjelp og grøne misjonsprosjekt!

Fleire misjonsorganisasjonar har misjonsprosjekt der miljø og berekraft har et spesielt fokus (sjå [www.kirken.no/smm](http://www.kirken.no/smm)). Kirkens Nødhjelp arbeider for ei meir berekraftig verd, mellom anna gjennom nødhjelp når katastrofar rammer, langsiktig utvikling for å gjere fattige menneske mindre sårbare for klimaendringar, og påverking av vedtaksprosessar for ein rettferdig klimapolitikk.

**Engasjer deg!** Bli med i det grøne arbeidet i din lokale kyrkjelyd, bli medlem i ein organisasjon, og lev grønare! Finn tips og ressursar på [www.gronnkirke.no](http://www.gronnkirke.no).

[www.reformasjon2017.no](http://www.reformasjon2017.no)



DEN NORSKE KYRKJA

Gron  
kyrkje